

---

Saksnr: 2020/44342-8  
Saksbehandlar: Nils Egil Vetlesand  
Dato: 19.05.2020

---

---

**Til:** Finansutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

## Tilleggsnotat til arbeidsdokument 2/20

Fylkesrådmannen viser til arbeidsdokument 2/20 som er lagt fram for hovudutvala sine møte i mai. Hovudutvala er bedne om kome med innspel til investeringsprogrammet som ligg i arbeidsdokumentet og fordelinga av driftsreduksjonane på sektorane.

Fylkesrådmannen varsla eit tilleggsnotat til arbeidsdokumentet etter at kommuneproposisjonen 2021 er lagt fram 12. mai.

Koronapandemien fører til store endringar i 2020, og fylkesrådmannen kommenterer i dette tilleggsnotatet også kort opplysningane ein finn i revidert nasjonalbudsjett 2020 om utviklinga inneverande år.

I kommuneproposisjonen for 2021 legg regjeringa ikkje til grunn at det vert varige verknader av koronapandemien. Regjeringa isolerer desse verknadene til 2020 og foreslår endringar inneverande år.

Fylkesrådmannen viser elles til Tertialrapport etter 1. tertial som vert lagt fram for fylkestinget i juni samstundes med Økonomiplanen 2021-2024 (arbeidsdokument 2/20).

### Revidert nasjonalbudsjett 2020

Regjeringa varslar at meirutgifter/inntektstap i kommunesektoren skal kompenseras. Så langt er det lagt opp til kompensasjon i det som er kalla den akutte fasen som varer i tre månader.

For fylkeskommunane er det særleg tap av inntekter i kollektivtrafikken og tannhelsetenesta som er aktuelle område som må kompenseras. Reduksjonen i skatteinntektene er også eit viktig punkt i revidert nasjonalbudsjett.

### Tap av kollektivtrafikkinntekter

Stortinget har tidlegare løyvd 1 mrd. kr til fylkeskommunane som kompensasjon for tapte kollektivtrafikkinntekter. Vestland fylkeskommune sin del av dette var 110 mill. kr.

I revidert nasjonalbudsjett frå regjeringa vert skjønnsramma til fylkeskommunane auka med 1,5 mrd. kr. Fordeling av denne summen er venta i løpet av juni. Om fordelinga av denne løyvinga vert som tidlegare, kan Vestland fylkeskommune rekne med ytterlegare kompensasjon på 165 mill. kr slik at samla kompensasjon så langt er 275 mill. kr.

Svikten i kollektivinntektene er hovudgrunnen til prognosen i tertialrapporten om eit negativt budsjettavvik på 767 mill. kr i 2020.

### Meirkostnader ferjer

I revidert nasjonalbudsjett er det forslag om 150 mill. kr til å dekke meirkostnader for elektrifisering av ferjer. Midlane vert fordelt etter særskilt fordeling og er venta i løpet av juni. Overslag over tildeling til Vestland er 30 mill. kr. Løyvinga er ikkje vidareført til 2021.

### Tannhelse

Regjeringa har ikkje forslag om særskilt kompensasjon for tap i tannhelseinntektene.

### Reduserte skatteinntekter og redusert løns- og kostnadsvekst

Overslag for reduksjon i skatteinntektene for fylkeskommunane i 2020 er 1,3 mrd. kr. Effekten for Vestland er rekna til reduserte skatteinntekter på 160 mill. kr.

Den kommunale deflatoren (løns- og prispfaktor) er redusert frå 3,1 % til 1,4 %. Regjeringa sine overslag er at den samla innsparingseffekten for fylkeskommunane er 1,4 mrd. kr - om lag tilsvarande som dei reduserte skatteinntektene. Føresetnaden for dette er lønsforhandlingane i kommunesektoren resulterer i eit nulloppgjer.

Som nemnt, legg fylkesrådmannen i tertialrapporten fram ein prognose om eit negativt budsjettavvik på 767 mill. kr for 2020. Det er dermed heilt avgjerande for fylkeskommunen sin økonomi at staten kompenserer for inntektsbortfall og meirkostnader som følgje av virusutbrotet.

## **Kommuneproposisjonen 2021**

### Frie inntekter

I kommuneproposisjonen varslar regjeringa utviklinga for dei frie inntektene i kommunesektoren det komande året. Dei siste to åra har det vore nullvekst i fylkeskommunane sine frie inntekter.

For 2021 er det lagt opp til realvekst i dei frie inntektene i kommunesektoren på mellom 2 og 2,4 mrd. kr. Av summen er det lagt opp til vekst for fylkeskommunane på 0,4 mrd. kr. Veksten er rekna frå budsjettnivået i opphavleg 2020-budsjett (koronaeffekten av reduserte skatteinntekter i 2020 er halden utanom). Vestland fylkeskommune sin del av denne veksten utgjer om lag 50 mill. kr.

Ut frå opplysningane i kommuneproposisjonen foreslår fylkesrådmannen å auke summen for frie inntekter med 50 mill. kr i arbeidsdokumentet mot tilsvarande auka avsetjing til fond. Tabellen mot slutten av tilleggsnotatet viser dette nærare.

### Pensjonskostnader

Regjeringa varslar at overslaget for pensjonskostnadene vert sett ned i 2020 samanlikna med det som går fram av statsbudsjettet. For 2021 er det venta vekst i samla pensjonskostnader igjen samanlikna med det nye lågare nivået i 2020 ein no legg til grunn.

Det er vanskeleg å seie kva effekten vil bli i 2021. Lågare lønsvekst tilseier at pensjonskostnaden går ned. Lågare rentenivå dreg i motsett retning. Pensjonsselskapa får lågare avkastning på pensjonsmidlane, og får dermed behov for å krevje inn høgare premie frå kundane. Fylkesrådmannen har førebels ikkje lagt inn endringar i pensjonskostnadene i høve til førre økonomiplan.

## Andre saker som er omtala i kommuneproposisjonen

### Endring i båt Kriterium

I kommuneproposisjonen 2020 varsla regjeringa eit prosjekt for å finne meir treffsikre kriteria for båtsektoren i kostnadsnøkkelen for fylkeskommunane. Møreforsking har levert ei utgreiing med forslag til nye kriteria. Forslaget har vore på høyring. Vestland fylkeskommune meinte i høyringsfråsegna at forslaget gav fleire uheldige utslag og rådde frå at kriteria vart endra i samsvar med forslaget frå Møreforsking.

Kommunal- og Moderniseringsdepartementet går i kommuneproposisjonen inn for å vidareføre gjeldande kriteria for 2021. Departementet vil byggje vidare på deler av forslaget frå Møreforsking eventuelt kome attende til saka i kommuneproposisjonen for 2022.

### Hyppigare oppdatering av sektorvektene i kostnadsnøkkelen

Kor stor vekt den einkilde sektor har i den samla kostnadsnøkkelen, sektorvektene, vert oppdatert årleg med bakgrunn i faktiske fylkeskommunale utgifter for dei ulike områda. Dette vert gjort for å fange opp særleg høg utgiftsvekst innanfor ein sektor slik at den tel med i den samla kostnadsnøkkelen. Til no er dette gjort ut frå utgiftene i siste treårs-periode. Dette gjer at det tek noko tid før kostnadsveksten innan ferjesektoren gjev utslag i kostnadsnøkkelen.

Departementet foreslår at ein frå 2021 skal leggje til grunn sist tilgjengelege rekneskapsår for slik å fange opp endringar raskare. For 2021 vil ein dermed leggje til grunn rekneskapsår for 2019 og ikkje perioden 2017-2019 slik det til no har vore gjort.

### Oppgåver til nye regionar

#### *Barnevern*

Regjeringa foreslår i kommuneproposisjonen at ein ikkje går vidare med å overføre oppgåver innanfor barnevernsektoren frå Barne-, ungdoms- og familieetaten til fylkeskommunane. Dette var eit av forslaga i ekspertutvalet, Hagen-utvalet, som vurderte overføring av oppgåver frå staten til fylkeskommunane.

#### *Kulturminneområdet*

Innanfor kulturminneområdet foreslår regjeringa å leggje inn midlar tilsvarande fire årsverk i rammetilskotet til fylkeskommunane i 2021. Midlane gjeld tilskotsforvaltning som Riksantikvaren tidlegare har hatt.

#### *Kulturområdet*

I kommuneproposisjonen 2020 varsla regjeringa at ein tok sikte på å gjennomføre oppgåveoverføringar innan kulturområdet frå 2021. Regjering varslar no at ein ikkje vil gå vidare med denne oppgåveoverføringa. I kommuneproposisjonen 2021 er det fleire grunngevingar for at ein ikkje lenger ser dette som hensiktsmessig.

#### *Næringsretta verkemiddelapparat*

Regjeringa varsla i kommuneproposisjonen 2020 at det er sett i gang ein gjennomgang av det næringsretta verkemiddelapparatet. I den samanhengen skulle det vurderast om ansvaret for fleire verkemiddel kunne overførast til fylkeskommunane.

Regjeringa melder no at gjennomgangen er mellombels utsett som følgje av covid-19. Det same gjeld dermed vurderinga av eventuell overføring av verkemiddel til fylkeskommunane. Regjeringa vil kome attende til dette.

#### *Kjøp av innanlandske flyruter*

Fleire av kontraktane staten har inngått om flyruter varer utover 1. januar 2020. Samferdselsdepartementet har invitert fylkeskommunane til å overta ansvaret for kontraktane, men med eit unnatak har ein takka nei til dette. Dette medfører kontaktane som gjeld flyruter i Nord-Noreg vert overført til aktuelle fylkeskommunar frå 31. mars 2022 og tilsvarande i Sør-Noreg frå 31. mars 2024.

#### *Tilskot til ikkje-statlege lufthamner*

Samferdselsdepartementet har avtalar om tilskot til ikkje-statlege lufthamner som gjeld ut 2020. I statsbudsjettet for 2021 legg regjeringa opp til å overføre midlane til dei respektive fylkeskommunane sitt rammetilskot, m.a. til Vestland fylkeskommune for det som gjeld Stord lufthamn.

### Fagfornyng

Nytt læreplanverk (LK20) vert innført over skuleåra 2020/21 - 2022/23. Det er ikkje lagt inn ekstra midlar til dette. Departementet viser til at fylkeskommunane i 2010 fekk kompensert utskifting av ein tredjedel av læremidla kvart år. Kunnskapsdepartementet legg til grunn at fylkeskommunane har hatt innsparing knytt til utskifting av læremiddel i tida før fagfornyng.

### Oppsummering kommuneproposisjonen 2021

Fylkesrådmannen foreslår som nemnt ovanfor, ut frå opplysningane i kommuneproposisjonen 2021, å auke summen for frie inntekter med 50 mill. kr i samanlikna med det som går fram av arbeidsdokument 2/20 mot tilsvarande auka avsetjing til fond.

Samletabellen til slutt i arbeidsdokumentet vert etter dette justert slik:

	<b>BUDSJ. 2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>
Skatt, rammetilskot og inntektsutjamn	-9 938 970	-9 983 770	-9 978 570	-9 973 370	-9 973 370
Andre generelle statstilskot	-101 400	-101 400	-101 400	-101 400	-101 400
Konsesjonskraftsinntekter	-182 000	-150 000	-157 000	-165 000	-165 000
Kapitalinnt/utg, utbytte og rentekomp.	833 900	868 300	931 900	1 041 000	1 133 400
Pensjonsutg/fellesutg/ løns- og prisvekst	44 839	44 839	44 839	44 839	44 839
Bruk/avsetning til fond	-70 000	96 400	77 600	88 300	17 900
Overføring til investering	536 997	536 997	536 997	536 997	536 997
<b>Sum felles inntekter og utgifter</b>	<b>-8 876 634</b>	<b>-8 688 634</b>	<b>-8 645 634</b>	<b>-8 528 634</b>	<b>-8 506 634</b>
Politisk styring, kontrollutv og org og øk	735 019	732 019	729 019	726 019	723 019
Strategi og digitalisering	169 884	167 884	165 884	163 884	161 884
Tannhelse	268 157	265 157	262 157	259 157	256 157
Kultur, idrett & inkludering	311 765	308 765	305 765	302 765	299 765
Infrastruktur og veg	1 167 692	1 155 692	1 143 692	1 131 692	1 119 692
Mobilitet og kollektiv	2 519 154	2 394 154	2 414 154	2 360 154	2 401 154
Innovasjon og næringsutvikling	236 753	233 753	230 753	227 753	224 753
Opplæring og kompetanse	3 468 210	3 431 210	3 394 210	3 357 210	3 320 210
<b>Sum sektornivå</b>	<b>8 876 634</b>	<b>8 688 634</b>	<b>8 645 634</b>	<b>8 528 634</b>	<b>8 506 634</b>